

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

### Den kulturelle spaserstokken 2018 (DKSS) – tildeling.

Etter fullmakt har fylkesdirektøren fordelt midlar avsett i budsjett 2017 (teneste 7710 Kunstformidling) til kommunane til arbeidet med Den kulturelle spaserstokken i 2018.

#### Bakgrunn

Den kulturelle spaserstokken vart etablert i 2007 og er ei ordning for kulturformidling til eldre. Midlane er lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane, og Sogn og Fjordane sin del av dette i 2018 er 1 036 000 kr. Det er kommunane som kan søkje på midlane. 23 kommunar har søkt støtte til DKSS. Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Det er svært viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre og er tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv og at det er eit godt samarbeid mellom kultur- og helsesektor.

#### Rapport om gjennomføring

Tilskotet gjeld for 2018 og vert betalt ut i desember 2017, på vilkår av at det er levert rapport for løyvinga i 2016. Tilskotet må gjennomførast i samsvar med planar i søknaden.

#### Mål og evaluering av søknadane

Fordelinga er gjort i høve dei mål som er sett for ordninga, slik som:

- å sørgje for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

#### Desse punkta lagt til grunn for løyvingane:

- å medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre held til i dagleglivet
- at alle kommunane som har søkt skal få støtte
- god søknad/innhald
- god rapportering/innhald
- godt samarbeid kultur- og helsesektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (brukarar over 67 år)
- interkommunalt samarbeid

#### Rettleiing og kompetanseheving

Rettleiing til kommunane vert gitt kontinuerleg gjennom heile året. Det vert sendt ut informasjon om konsertar/arrangement og fagkonferansar. I 2018 vert det gjennomført regionale samlingar (Sogn, Nordfjord og Sunnfjord) for kommunane med presentasjon av kommunane sin løysing av

Den kulturell spaserstokken. Vi ynskjer framover å vektleggje samarbeid mellom kommunane og med andre aktørar for å kunne tilby arrangement med høg kvalitet. Dette til dømes samarbeid med musea, Den kulturelle skulesekken, kulturhus, m.fl.

#### **Vedtak om fordeling av midlane:**

Det er varierende innhald i søknadane, men alle får tilskot. Alle kommunane viser samarbeidsevne tverrsektorielt, med frivillige lag og organisasjonar og profesjonelle aktørar.

Vedtaket om fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken 2018, er slik:

Kompetanseutvikling (3 tiltak rundt om i fylket)	Kr. 95 000, -
Askvoll kommune	kr. 40 000, -
Aurland kommune	kr. 30 000, -
Balestrand kommune	kr. 20 000, -
Bremanger kommune	kr. 60 000, -
Fjaler kommune	kr. 60 000, -
Flora kommune	kr. 95 000, -
Førde kommune	kr. 65 000, -
Gaular kommune	kr. 50 000, -
Gloppen kommune	kr. 36 000, -
Gulen kommune	kr. 20 000, -
Hornindal kommune	kr. 30 000, -
Hyllestad kommune	kr. 40 000, -
Jølster kommune	kr. 25 000, -
Leikanger kommune	kr. 30 000, -
Lærdal kommune	kr. 40 000, -
Naustdal kommune	kr. 30 000, -
Selje kommune	kr. 20 000, -
Sogndal kommune	kr. 50 000, -
Solund kommune	kr. 25 000, -
Stryn kommune	kr. 60 000, -
Vik kommune	kr. 25 000, -
Vågsøy kommune	kr. 50 000, -
Årdal kommune	kr. 40 000, -
<b>SUM</b>	<b>kr. 1 036 000, -</b>